

**Uskedeling sentral i Kystvakten**

19.08.2010

**Dei siste dagane har ein uskedeling vore sentral i media i samband med planen om å flytta Kystvakten frå Bergen til Sortland.**

**Tor Erik Eide har uttala seg både i TV 2 Nyhetskanalen og Bergens Tidende som hovudtillitsvald og sagt at dei ansatte har reagert først og fremst på prosessen rundt avgjerdene.**

Eide meiner dei ansatte har vorte for lite involverte i prosessen og han er difor redd for at grunnlaget for den endelige avgjerdene blir for tunt.

Dette vil få stor innverknad på livet til offiserane. Å komma attende på jobb og få veta at arbeidsplassen kan henga i ein tynn tråd er ikkje kjekt.

Ein skikkeleg prosess vil avdekka om Sortland er det riktige valet. Det kan godt tenkast at det ikkje er det, meiner Eide.